

“Nytt og kreativt”

- **tips til formidling, aktiviteter, hjelpemiddel etc**

Innleiing

Denne samlinga kan leggast opp på uendeleg mange måtar! Kva som er nytt og kreativt til ei kvar tid må ein fylgje med på, og prøve å invitere foredragshaldarar som kan presentere dette nye på ein god måte! Ein må vidare fokusere på ha noko både til ungdoms- og barneleiarane, og noko for kvar av dei ulike leiartypene. Med ulik leiartype meiner ein at nokon treng inspirasjon innanfor andakts- og møtebiten, mens andre igjen treng inspirasjon til nye leikar, aktiviteter osv.

Det vert anbefalt å organisere kvelden slik at alle seminar går to gongar a 1 time (kl 1915- 2015 og kl 2030- 2130). Då kan alle få med seg to seminar kvar, men det blir ikkje tid til samtale. Dette må ein sjølvsgt sjå ut frå kor mange deltakarar ein har på leiarskolen for barne- og ungdomsleiarar.

Her er ei liste med forslag til ulike “seminar” som kan vere denne samlinga.

For barneleiarar

Andaktshjelp

a) Sprell Levande v/ Søndagsskuleforbundet

Indremisjonsforbundet har inngått ein avtale med Søndagsskuleforbundet som gjer at alle lag innmeldt i ImF får Sprell levande opplegget til redusert pris. Inviter gjerne ein frå Søndagsskuleforbundet til å informere om avtalen, og om korleis opplegget fungerer. Kanskje nokon fleire lag får lyst å gå inn på denne avtalen?

Leik og aktiviteter

a) Sjå heftet: “”. Finn nokre leikar som ikkje har vore brukt i dykkar område og lær dei til gruppa. Viktig å dele ut heftet til alle, da det er svært lett å gløyme leikar, og difor viktig at alle har det nedskrevet!

For alle

Andaktshjelp

a) **Bruk av film i andaktar v/** feks Barne- og familiekonsulent Ingrid Steinshamn

Det er mange filmar me ser som har eit budskap som kan formidlast til borna og ungdomane. Korleis gjere dette på ein god måte? Kor finne aktuelle ressursar? Ingrid kan vise ulike nettsider som arbeider med dette, og som de kan bruke som ein viktig ressurs i dykkar andaktsførebuing!

b) Kreativ formidling **v/ feks Hartvig Kloster** – treng heile kvelden.

Hartvig kjem frå Open Air Campaigners (sjå www.oac.no), og kan inspirera dykk til å vere kreativ i formidlinga! Han tryller, bretter papir, blåser opp ballonger osv for å formidle evangeliet om Jesus på ein fengande måte! Han har god erfaring frå både gatemøter og barnemøter, og heilt sikkert til inspirasjon for mange!

For ungdomsleiarar

Andaktshjelp

a) Det kan vere inspirerende å få ein dyktig ungdomsforkynnar til å kome og dele frå sine erfaringar.

Forslag til personar (dei er ikkje spurt om å stå på denne lista)

- Knut Tveitereid – prest og forfatter – har skrive boka "En helt overkommelig bibel"
- Tore Søyvik – pastor i frikirka på Lyngdal
- Torgeir Skrunes – ungdomsarbeidar og forkynnar i ImF Sør

Leik og aktivitetar

a) Heftet "Leker for større barn" og "Ungdomsaktivitetar" + eventuelle fleire leikar.

I tillegg kan ein ha eit utstillingsbord – med alt av tilgjengelege ressursar ein har. Vidare kan deltakarane ha moglegheit for å bestille via kretsen dersom det er bøk dei ynskjer å ha.

Avslutning

Dette er berre meint som eit utgangspunkt, og kvar leiarskule må finne ut kva som er aktuelt for dei, og korleis ein best mogleg kan organisere denne samlinga. Vi vil vidare anbefale at dei som er frå same lag går på ulike seminar slik at dei til saman blir best mogleg utrusta etter denne kvelden. Til slutt kan det vere greitt å utfordre deltakarane på å gå på seminar som i utgangspunktet verkar litt ukjent, for berre slik kan ein utfordre seg sjølv til å gå nye steg i leirolla si!

Vedlegg:

- Leikehefte for barn
- Leikehefte for større barn (altså tenåringar og ungdomar)
- Ungdomsaktivitetar